

2023

ÅRLEG MELDING RBU

Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF



FORORD

Eit godt samarbeid mellom fagmiljø, forskning, pasient- og pårøranderepresentantar og helseføretakadministrasjonen, gir ei god plattform for å oppnå kvalitet i helsetenesta til pasienten.

INNHALD

1. Innleiing	5
2. samansetninga til regionalt brukarutval	6
2.1 Medlemmar i regionalt brukarutval 2023	6
3. Aktivitet og oppgåver	8
3.1 Møteaktivitet	8
3.2 Viktige saker og tema	8
3.3 Oversikt over deltaking i arbeidsgrupper	10
3.3.1 <i>Utval, grupper og prosjekt</i>	10
3.4 Kurs, seminar og konferansar	13
4. utfordringar og moglegheiter vidare	14
4.1 Brukarmedverknad	14
4.2 Samhandling	15
4.3 Samval	15
4.4 Viktige område	16

1. INNLEIING

I 2023 starta eit nytt brukarutval sitt toårige virke. 2023 har vore eit godt år for brukarmedverknad, og det regionale brukarutvalet (RBU) har blitt involvert i sentrale prosessar i Helse Vest. Likevel har RBU registrert at det er stor variasjon i grada av brukarmedverknad i Helse Vest, noko årets internrevisjonsrapport også viste. Rapporten blei breitt behandla, og blei vedteken av styret hausten 2023.

RBU deltek i eit interregionalt samarbeid mellom dei fire RBU-ane i dei regionale helseføretaka. I tillegg har RBU ført vidare Lederforum i Helse Vest, som består av leiar og nestleiar i kvart brukarutval i helseføretaka og Haraldsplass diakonale sykehus. Formålet er å lære av kvarandre, utveksle erfaringar, koordinere og diskutere strategiar for arbeidet i brukarutvala.

RBU har i 2023 hatt representantar i fleire ulike utval, nettverk, arbeidsgrupper og prosjekt, der det er gitt innspel i viktige prosessar, høyringar og tema, både regionalt og nasjonalt. Dette arbeidsomfanget føreset at vi, i tillegg til dei faste RBU-medlemmene og varamedlemmene, også for enkelte verv må finne ressurspersonar med rett kompetanse i pasientorganisasjonane.

RBU jobbar godt saman, med utfyllande og brei kompetanse og med stort engasjement, men vi ser at det kan vere ei utfordring å dekkje eit stort behov for brukarmedverknad innan psykisk helse og rus. Auka satsing og auka aktivitet innan dette området, medfører store utfordringar i tida framover knytt til rekruttering av brukarrepresentantar. RBU har også merka seg at dårlegare økonomi i Helse Vest som følgje av store investeringar, også har resultert i lengre ventelister innan somatikk. RBU ser derfor i spenning fram til ny og varsla finansieringsmodell for investeringar, slik at ventetider igjen kan reduserast og tenestetilbodet blir betra.

Brukarrepresentantane kjenner seg stort sett godt inkludert. Det er eit leiaransvar å sørge for at brukarrepresentantane får komme med innspela sine utan at representativiteten og legitimiteten deira blir trekt i tvil. RBU vil takke administrasjonen, styret og andre samarbeidspartnarar i Helse Vest for godt samarbeid i 2023. Vi ser fram til å ta tak i nye oppgåver i året som kjem.

2. SAMANSETNINGA TIL REGIONALT BRUKARUTVAL

Det regionale brukarutvalet blei oppretta av styret i Helse Vest RHF 27. mai 2002. Samansetninga skal ha representantar innan rus, psykisk helsevern, somatikk og innvandring, og dessutan ha god geografisk og aldersmessig samansetning i tillegg til jamn fordeling mellom kjønna. Utvalet blir utnemnt av styret i Helse vest RHF for to år, etter styrevedtaket av 27. mai 2002.



Frå venstre: Hege Kornberg Christensen, Sigrun Marit Hansen, Atle Lunde. Bak: Joe R. Aseerwatham, Hege Skjelbred-Knudsen, Lene Therese Mindaas, Astrid Gytri og Tor-Johnny Agledal. Ikke til stede: Harald Kvame Hansen og Cicel T. Aarrestad. Foto: Jorunn Busk.

2.1 Medlemmar i regionalt brukarutval 2023

Atle Lunde, RBU-leiar, FFO Rogaland

Harald Kvame Handsen, RBU-nestleiar, FFO Vestland

Astrid Gytri, RBU-medlem, FFO Vestland

Tor-Johnny Agledal, RBU-medlem, FFO Vestland

Cicel T. Aarrestad, RBU-medlem, FFO Rogaland

Hege Skjelbred-Knudsen, RBU-medlem, Kreftforeningen

FFO – Funksjonshemmedes fellesorganisasjon

SAFO – Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner

RIO – Landsdekkende brukerorganisasjon innen rusfeltet

Hege K. Christensen, RBU-medlem, SAFO Sørvest

Sigrun Marit Hansen, RBU-medlem, Pensjonistforbundet

Joe R. Aseerwatham, RBU-medlem, Vestland Innvandrarråd

Lena Jordan, RBU-medlem, RIO

Elisabeth Salte, RBU-vara, FFO Rogaland

Gunn Sande, RBU-vara, FFO Vestland

Vidar Myren, RBU-vara, FFO Vestland

Anfinn Hammer Feng, RBU-vara, FFO Vestland

Anita Üstün, RBU-vara, Kreftforeningen

Else-Berit Ingvaldsen, RBU-vara, SAFO Sørvest

Hans Otto Robberstad, RBU-vara, Pensjonistforbundet

Sajjad Younas, RBU-vara, Vestland Innvandrarråd

RBU har i 2023 fortsett med eit arbeidsutval som består av leiar, nestleiar og sekretær for det regionale brukarutval.

3. AKTIVITET OG OPPGÅVER

RBU har ein rådgivande funksjon, og vi har gitt innspel til saker og prosjekt til styret og administrasjonen i Helse Vest RHF. Dette med utgangspunkt i varetaking av pasientar og pårørande sine interesser og behov ut frå ønske og verdier i Helse Vest.

Hovudoppgåvene til RBU har vore å:

- representere pasientar og pårørande i Helse Vest
- vere eit forum for tilbakemeldingar frå pasientar og pårørande
- gi innspel i høyringsprosessar
- delta i eller utnemne brukarrepresentantar i ulike relevante prosjekt, grupper og nettverk på systemnivå, regionale og nasjonale
- delta med innlegg og representasjon i aktuelle forum, og halde oss oppdatert på viktige saker for pasientar og pårørande

3.1 Møteaktivitet

RBU har hatt totalt ni møte i 2023, åtte fysiske og eitt digitalt. Det årlege fellesmøtet med styret blei heldt som fysisk møte.

I tillegg har RBU gjennomført ein samling på Flesland med alle brukarutvala i dei fire helseføretaka: Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Stavanger, i tillegg til Haraldsplass diakonale sykehus. I 2023 har det blitt haldt to møte i Lederforum, som består av leiar og nestleiar i dei nemnde føretaka.

Leiar og nestleiar har delteke på to møte i det interregionale brukarutvalet saman med dei tre andre RBU-ane. Dei same deltok også i eit møte med dei fire administrerande direktørane i dei regionale helseføretaka. Leiar og nestleiar har, saman med leiar og nestleiar for dei andre RBU-ane, delteke på eit møte med Helse- og omsorgsdepartementet, der det blei gitt innspel til Oppdragsdokumentet for 2024.

Leiar eller nestleiar stiller fast som observatør med tale og forslagsrett i Helse Vest RHF sine styremøte, styreseminar og anna relevant møteaktivitet i styret.

3.2 Viktige saker og tema

Under er lista ei uprioritert oversikt over viktige saker og tema som er behandla i RBU i 2023:

- Årleg melding RBU 2022
- Oppdragsdokument 2023
- Årleg melding for Helse Vest RHF 2022
- Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar.
- Korleis er DPS-a under dei private ideelle er regulerte for bruk av tvinga?
- Korleis Helse Vest varetek at institusjonar for spesialisert rehabilitering blir følgd opp.

- NOU 2023:4 Tid for handling. Utarbeidde av Helsepersonellkommissjonen.
- Helse Vest sin rapport på berekraftig utvikling innan psykisk helsevern og rus.
- Munnleg orientering om beredskap. Risikostyringsmodul, alle føretak er involverte og skal ta denne i bruk.
- Utviklinga i bemanning.
- Avvikssystemet Synergi blir nytta for læring, utvikling og tema på tvers i Helse Vest.
- Avtalar kreftkirurgi.
- Tiltaksplanen til den regionale utviklingsplanen 2035 (RBU sine innspel til tiltaka til administrasjonen).
- Vidareutvikling av Helsenorge og status for realisering av vegkart av Helsenorge.
- Plan for sikkerheitspsykiatri.
- Presentasjonar av kampanje om førebygging av sjølv mord, av kjønnsinkongruens og heilskapleg pasientforløp barn og unge .
- Orientering frå internrevisjonen om den nye revisjonsplanen.
- NOU: Sjukehuset til fellesskapen NOU 2023: 8 - Sjukehuset til fellesskapen - Kudos (dfo.no) (RBU gav eiga høyring).
- Prosjekt Digitale skjema og brev i Alle møte (innspel frå RBU).
- Informasjon om organisering av sjeldne sjukdommar.
- Nasjonal rapport forskning og innovasjon.
- Orientering om prosjekt «klinisk dokumentasjon i sjukepleiepraksis».
- Skadeleg seksuell atferd (SSA).
- Innspel til ny plan for forvaltningsrevisjon 2024-2025 – korleis jobbar Helse Vest med å behalde og rekruttere bemanninga?
- Innspel til styringsdokument frå RBU.
- Rapport frå internrevisjonen – brukarmedverknad (innspel til utkast).
- Strategi og handlingsplan for digitale helsetenester.
- Førespurnad frå Norilco om retningslinjer for behandling av pasientar med stomi blei oversendt fagdirektør i Helse Vest på grunn av ueinsarta praksis.
- Statsbudsjett 2024.
- Revidering av retningslinjer for brukarmedverknad, sjå innspel under.
- Rapport frå Riksrevisjonen dokument 3:2, 2023-2024, bemanningsutfordringer i helseforetak.
- Rapport frå Riksrevisjonen dokument 3:6, 2023-2024, Utnyttelse av IT-system på sykehus.

Rapporten frå internrevisjonen «Brukarmedverknad i helseføretaka i Helse Vest» er ein god og nyttig rapport. RBU ber Helse Vest gi overordna styringssignal om at helseføretaka rettar seg etter tilrådingane som er komne fram i rapporten, og set i verk tiltak for å unngå framtidige avvik mot vedtekter og prosedyrar. I Helse Vest er det behov for ei felles forståing av korleis helseføretaka rettar opp dei funna, svakheiter, avvik og ulikskapar som gjeld opplæring, praktisering og etterleving av lovverk og

retningslinjer som kjem fram i rapporten. RBU ser fram til at dette blir innarbeidd i eigenevalueringa til leinga.

3.3 Oversikt over deltaking i arbeidsgrupper

Brukarrepresentantane i RBU i Helse Vest deltek i mange arbeidsgrupper, fagnettverk, styringsgrupper og så vidare, både internt i Helse Vest og i interregionale grupper. Erverva kunnskap frå levd liv og erfaringsutveksling i brukarorganisasjonar blir nytta i forbetningsarbeid. Kombinasjonen av brukarerfaring og kunnskap om helsetenestene gir brukarrepresentantane unik kompetanse og motivasjon til å leggje ned ein stor frivillig innsats for å forbetre behandlingstilboda til pasientane i Helse Vest.

Det har vore ei nasjonal satsing på psykisk helsevern over mange år, men likevel viser rapportar frå Sivilombodet, Statens helsetilsyn, Statsforvalter, UKOM med fleire, at tenestene innan dette fagområdet ikkje tilfredsstillar lovverk og retningslinjer.

3.3.1 Utval, grupper og prosjekt

RBU har hatt representantar i følgjande utval, grupper og prosjekt kor det er gitt innspel og høyringar i viktige prosessar, både regionalt og nasjonalt:

Regionale arbeidsgrupper i Helse Vest

Prosjekt/nettverk
Regionalt nettverk for LMS (lærings- og mestring)
Nettverk for Pasienterfaringsundersøkingar
Programstyret for Alle møte
Samarbeidsorganet utdanning og praksisopplæring
Nettverk lungerehabilitering
Referansegruppa til Nasjonal kompetanseteneste for leddprotesar og hoftebrot
Referansegruppe SESAM
Traumenettverket
Referansegruppa for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
Fagnettverk habilitering
Regional ressursgruppe tvang i psykisk helsevern
Fagnettverk revmatologi
Regionalt prosjekt for innføring av tarmscreening kreft
Regional klinisk ressursgruppe for barn og unge med CFS/ME i Helse Vest

Regionalt fagnettverk for barn og unge med hjerneskode
Ressursgruppe til regionalt fagnettverk for barn og unge med hjerneskode
Regionalt fagnettverk for barn og unge med utviklingshemming og utfordrende atferd
Prosjekt innan bruk av kunstig intelligens (AI) for å identifisere pasientar med akutt hjerneslag til medisinsk nødtelefon 113
Styringsgruppe for implementering og koordinering av sikkerhetspsykiatrien i Helse Vest
Brukarrepresentant til styringsgruppe innan spiseforstyrningar i Helse Vest
Regionalt nettverk innan presisjonsmedisin Helse vest
Vel heim
Riksrevisjonens undersøking av psykiske helsetenester
Uønskt variasjon radiologi og ortopedi. To regionale arbeidsgrupper.
Norse Feedback – tilbakemeldingssystem for psykisk helse og rus
Regionalt faglig nettverk for sikkerhetspsykiatri
Seneffekter etter kreftbehandling Helse Vest
Internrevisjon – uønskt variasjon i pasientforløp (BUP)
Styringsgruppe for prosjektet Koordinator i sjukehus.
Prosjekt Dialog med inneliggende pasienter
Samarbeid mellom Statped og spesialisthelsetenesta
Samarbeidsorgan for forskning og innovasjon
Strategi for forskning og innovasjon for 2024 – 2027
Programkomité for regional tverrfagleg forskingskonferanse innan rehabilitering
Ny anskaffing av spesialisert rehabilitering
Helse vest innovasjonskomite- hausten 2023
Klinisk dokumentasjon av sjukepleiepraksis
Regionalt nettverk – innsatsområde 2 – helsetenesta til barn og unge
Diabetes i digitale helsetenester

Regionalt nettverk for kjønnsinkongruens
Revisjon av retningslinje for bruk av antibiotika i sjukehus
Støtte til kliniske einingar (tidlegare Alle Møter)
Digitale helsetenester (tidlegare Alle Møter)

Interregionale og nasjonale arbeidsgrupper

Prosjekt/arbeidsgruppe
LIS spesialistgruppe for TNF-hemmarar
Pasientreiser HF brukarutval
Pasientreiser HF observatør til styret
LIS - Onkologisk spesialistgruppe
Interregionalt mottaksprosjekt AMK-IKT
Bestillerforum for nye metodar
Referansegruppeprosjekt i vidareutvikling av GTT-metoden
Desentraliserte kliniske studiar
Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag i regi av Sykehusbygg HF
Prosjekt om variasjon i laboratorie- og radiologitenester
Felles tilvisingsmottak - ein veg inn for psykisk helsevern

Stort sett er tilbakemeldingane frå brukarrepresentantane i desse utvala, gruppene og prosjekta at dei blir både lytta til og anerkjende.

Brukarmedverknad i spesialisthelsetenesta er nedfelt i lovverket, så vel som i retningslinjer både frå Departement og leiinga i dei regionale helseføretaka. RBU opplever god varetaking i sentral leiing, medan det er stor grad av variasjon ute i organisasjonen. Vidare registrerer vi også at det er store forskjellar mellom somatikk og psykisk helse/rus, der sistnemnde har openbert eit klart forbettringspotensial.

Eit sentralt moment innan brukarmedverknad er god rekruttering av brukarrepresentantar og sikring av legitimiteten til desse. Dette blir gjort gjennom aktiv bruk av dei relevante brukarorganisasjonane (pasient- og paraplyorganisasjonane

deira) og ikkje gjennom bruk av tilfeldig utvalde eller eigne tilsette i helsetenesta, for eksempel erfaringskonsulentar.

RBU får mange førespurnader som kjem seint i tid utan definisjon av omfang, tidsbruk og varigheit. Gode førespurnader er ein føresetnad for å sikre god og reell medverknad.

3.4 Kurs, seminar og konferansar

RBU er godt nøgd med å bli invitert til konferansar, arrangement og kurs. Dette er viktige arenaer for fagleg utvikling og kompetanseheving for kvar enkelt.

Konferansar vi deltok på:

- Kvalitet- og forbetningskonferansen
- Digital helsekonferanse
- Forskingskonferansen
- Nasjonal konferanse i persontilpasset medisin
- Regionalt fagseminar i persontilpasset medisin
- Regionalt seminar i regi av Kreftforeningen
- Folkehelsekonferansen
- Regional samling for brukarutvala i Helse Vest
- Interregional samling RBU
- Ledersamling for brukarutval
- Registerkonferansen
- Helse Vest og Rehabiliteringskonferanse

4. UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER VIDARE

RBU fekk lagt fram fleire viktige dokument og rapportar i 2023, som vil få mykje å seie i arbeidet vårt vidare inn i 2024. I første halvår fekk vi to viktige NOU-er; Helsepersonellkommisjonen sin rapport og Fellesskapets sykehus, som vil få mykje å seie for dei framtidige prioriteringane våre og korleis helsesektoren skal rigge seg for å kunne gi dei beste helsetenestene til befolkninga. Med færre hender må det bli tatt i bruk nye og betre digitale løysingar som varetek kvalitet og pasienttryggleiken. Men det må også bli sett på korleis dagens helsepersonell kan dekkje dei helsebehova som vil komme med ei stor og aldrande befolkning.

Helse Vest har i 2023, og vil i 2024, ha store utfordringar når det gjeld økonomien. Ramma som blir tildelt over statsbudsjettet blir for knappe når vi ser på utfordringsbiletet for å oppnå rett kompetanse, høg kvalitet og ein balansert kapasitet. I heile regionen blir det investert for å forbetre og utvikle pasientbehandling. Etter dagens modell må desse investeringar blir finansierte over drifta, noko som inneber at Helse Vest må innskrenke driftsnivået for å finne rom for investeringane. RBU ser derfor i spenning fram til ny og varsla finansieringsmodell, der investeringane ikkje rammar driftsnivået så hardt som dagens modell med tilhøyrande svekking i tenestetilbodet. Dette er store og utfordrande oppgåver som må løysast til beste for pasientar og tilsette.

RBU behandla også rapporten for sikkerheitspsykiatri og strategi og handlingsplan for psykisk helse. Psykiatrien er eit felt som, etter RBU si oppfatning, må få eit spesielt fokus. RBU meiner at det ligg gode intensjonar bak alle strategiar og handlingsplanar, men at det trengst eit tettare oppfølgingsregime for at alle skal få rett behandling når dei treng ho.

Digitalisering er eit felt som RBU har vore mykje innom i 2023, då det blir viktig å få på plass strategi og handlingsplan for digitale helsetenester for Helse Vest. Frå ein pasient sin ståstad vil den nye strategien og handlingsplanen for digitale helsetenester for Helse Vest bli vellykka, dersom opplæringa og kompetanse blir sentrale oppgåver i implementeringa.

RBU fekk også lagt fram ny strategi for forskning og innovasjon for Helse Vest. Ein veldig god strategi der brukarmedverknad fekk ein sentral plass, noko som vil få positive følgjer for den framtidige forskinga og innovasjonen.

4.1 Brukarmedverknad

På bakgrunn av erfaringar i 2023 meiner RBU at det vil det vere viktig å halde fram med å styrke plattformen for brukarmedverknad i Helse Vest. Brukarmedverknad er både ein rett og gir ein stor verdi i eit nytteperspektiv. Samarbeid på bakgrunn av tverrfagleg kompetanse gir moglegheit for mellom anna auka treffsikkerheit i tenestetilbodet,

etablering av nye innovative, effektive løysingar og ei heilskapleg forståing for mennesket bak diagnosen. Dette vil vere sentralt i den vidare utviklinga av integrerte helsetenester.

RBU set pris på å bli involvert i internrevisjonen sin rapport om brukarmedverknad i Helse Vest. Internrevisjonen har arbeidd med denne rapporten sidan 2020 med innspel frå RBU. Rapporten viser at brukarmedverknad på systemnivå stort sett blir vareteken på ein god måte, men det er stor variasjon i dei ulike helseføretaka. Det er også avdekt funn som viser brot på lovgiving og retningslinjer for brukarmedverknad.

Styret og administrasjonen i Helse Vest vil følgje opp avvika og merknadene i rapporten for å oppnå einsarta praktisering og bruk av brukarrepresentantane.

Det er parallelt med rapporten frå internrevisjonen sett i gang revidering av brukarmedverknad i helseregionane. Dei vil bruke funna og høyringane til revisjonen frå alle brukarutval i si vurdering for å styrkje og forbetre brukarmedverknaden i alle helseregionane.

Desse reviderte retningslinjene vil også inkludere felleseigde føretak. Det er vedteke at helsebygg, felles helseinnkjøp, pasientreiser og luftambulansetenesta skal ha eigne brukarutval frå 2023.

Regionalt har Sjukehusapoteka Vest vedteke å opprette eit brukarutval.

4.2 Samhandling

Samhandling er viktig i helsetenesta, på tvers av tenester og i samarbeidet mellom alle som jobbar for å utvikle helsetenesta. Både planar og konkret erfaring i pandemien viser at det er mogleg å få til god samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Vi håpar at desse erfaringane blir tekne med inn i det vidare arbeidet med å gi konkret innhald i helsefellesskapane og at samhandlingsutvala i stadig sterkare grad vil bidra til koordinerte tenester. Pakkeforløp heim er eit av dei konseptane som kan få mykje å seie i denne samanhengen. Vi ser behov for at fleire pasientgrupper får tilbod om pakkeforløp. Frå eit brukarperspektiv vil det å skape saumlause pasientforløp og heilskaplege helsetenester vere viktige satsingsområde. Brukarmedverknad må innlemmast i desse prosessane.

4.3 Samval

Nokre av dei viktigaste komponentane i samval er kompetanse, kultur og haldning. Å ha opplæring i samval i tenesta, gjere samval kjent blant pasientar og pårørande og skape ein kultur der samval er ein naturleg del av pasientforløpet, vil vere eit viktig bidrag til å vidareutvikle helsetenesta til pasienten. Utan grunnleggjande kompetanse, forståing og kulturell modnad vil det ikkje realiserast det potensialet som ligg i samval. Evna og kompetansen hos helsepersonell til å kommunisere godt med pasientane er avgjerande for å lykkast.

4.4 Viktige område

Spesialisthelsetenesta er i stadig utvikling i skjeringspunktet mellom politiske prioriteringar, faglege vurderingar, behovet til pasientane og demografiske fakta. Dette inneber at RBU har og vil halde fram med å engasjere seg i ei rekkje område som:

- Økonomi og tilstrekkeleg personell
- Ventelister og brot på ventelister
- Viktige funn i helsepersonellrapporten
- Viktige funn i rapporten «Felleskapets sykehus»
- Korleis halde oppe gode rehabiliteringstilbod
- Spesielt oppfølging av forskning og innovasjon
- Digitalisering
- Kunstig intelligens
- Bruk av gode IT-løysingar for pasientar, pårørande og tilsette
- God og forbetra helsekompetanse hos pasientar og pårørande
- Eit betre tilbod til pasientar innan rus, psykiske lidingar, smerte- og utmatting, postvirale og multisystemiske sjukdommar, overvekt og typiske kvinnesjukdommar utan anerkjende biomarkørar
- Vidareutvikling og prioritering av psykiatri, særleg for barn og unge, bruk av tvang og sikkerheitspsykiatri
- Følgje opp strategi og handlingsplan for psykisk helse
- Utvikle pasientforløp for pasientar med fleire diagnosar og samansette utfordringar
- Auka merksemd på pasientar med sjeldne diagnosar
- Eit betre tilbod til barn og unge med smerte og utmatting og postvirale og multisystemiske sjukdommar
- Eit betre tilbod til pasientar med langvarige pasientforløp utan avklart diagnose/ totalsituasjon i helsetenesta
- Oppfølging og vidareutvikling av habilitering og rehabilitering
- Oppfølging og vidareutvikling av LMS-tilbod til pasientar og pårørande
- Pasienttryggleik og utvikling av HMS-kultur i alle delar av organisasjonane
- Vidareutvikle brukarmedverknaden i heile Helse Vest
- Ny teknologi med tilhøyrande nye arbeidsprosessar, inkludert digitale helsetenester
- Nybygg og oppgradering med dei moglegheitene dette gir for utvikling
- Verknad av eventuelle politisk initierte omleggingar og at desse medfører reelle forbetringar for pasientane

Regionalt brukarutval vil også i åra som kjem vere ein aktiv og konstruktiv samarbeidspartnar for administrasjon og styret i Helse Vest, fagmiljø, forskingsmiljø og alle våre pasient- og pårørandeorganisasjonar.

Helse Vest Postboks
303 Forus
4066 Stavanger

Telefon: 51 96 38 00
helse-vest.no

